

# SETESDAL NÆRINGSFOND

BÝKLE - VALLE - BYGLAND - EVJE & HORNNES - IVELAND

## FØRESEGNER OM INVESTERINGSTILSKOT

- 1) Dersom mottakar av tilskot til maskinar, bygg m.v. som er inkludera i tilskotsgrunnlaget sel desse innan 5 år (3 år for EDB-utstyr) eller nyttar dei til andre føremål innan same tidsrom, kan fondet krevje at heile eller delar av tilskotet vert betalt attende.  
Fondet kan forlengje fristen til 10 år.  
Tilskotsmottakaren pliktar å gje melding til sekretariatet for fondet på førehand dersom det er aktuelt med sal eller annan bruk i denne perioden.
- 2) Verksemda skal kvart år innanfor den perioden som er nemnt i pkt. 1) snarast råd etter årsoppgjeret sende fondet utskrift av revidera årsrekskap med revisjonsmelding, årsmelding og driftsrapport i eitt eksemplar.  
For ikkje-reknskapspliktige verksemdar er det tilstrekkeleg med årsrekskap/sjølvmelding.
- 3) Fondet gjev normalt ikkje tilskot til bruka maskinar/utstyr.
- 4) Tilseiinga fell vekk dersom De ikkje har bede om utbetaling innan eit år frå tilseiinga.  
Etter søknad kan sekretariatet gjeve fristforlenging med inntil eit år.
- 5) Inntil 50% av tilskotsbeløpet kan betalast ut før det ligg føre revisorstadfesta byggje/innkjøpsrekskap, jfr. likevel pkt. 2).  
Der kommunar/fylkeskommunar er byggherre/tilskotets mottakar kan heile beløpet betalast ut à konto.

Rett utskrift,

Valle 7.august 1995

Arne Tronsen  
Dagleg leiar